

---

Vår referanse 2021/53499-3  
Dato 30.11.2021

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjonssøknad - gnr 424 bnr 13 - fritidsbustad - Bø - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 01.11.2021.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område. Arealet er sett av til Fritids- og turistformål i kommunedelplan (KDP) for Radøy.

### Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå krav om regulering for oppretting av 6 tomter for fritidsbustadar på eigedom gnr 424 bnr 13. Dette vert søkt om i forbindelse med å selje dei for å finansiere framtidige byggeprosjekt ein annan stad på eigedomen.

Det er opplyst i brevet at det er registrert kulturminne i grensa til området, og kulturarvavdelinga vår har sendt eigen uttale med varsel om synfaring.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har ikkje merknadar til om det vert oppretta nye eigedomar her, då det allereie er fritidsbustadar på eigedomen som er i bruk. Det er kommunal veg som er næraste offentlege veg så det er kommunen som skal handsame søknadar om avkøyrsløype.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*